



I fjor var det eit interessant møte mellom Uskedalens eigen raudnisse og ein yngre blånisse. Den raude var Børsdalsnissen og han kjem sikkert att også i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I år blir det julemarknad og grantenning fredag 1. desember, fortel Gunn Mari Moberg til uskedalen.no. Programmet vil følgja den same "leisten" som i fjor, med tenning av grana og musikk ved musikklaget (som er inne i ein "ny vår").

Og så blir det salg av julenek, drops, sild, pølse, kransar, gløgg, graut, potetkaker, lefser, mjølkekaker – og sikkert mykje anna.

Skulen og barnehagen blir med og sel ting til inntekt for oppvekstsenteret.

Og så kjem sjølvsgatt nissen, truleg den samme som plar vera til stades, eta graut og kosa seg når uskedalingane held jule-opptakt.....